

## Nysådd plen ved Den Blå Stolen.

21.09.2017



Her kjem det til å bli vakkert til våren!

**Siste året har det skjedd ei kjekk opprustning på området ved Sandakaien. Den Blå Stolen er blitt eit velkjent landemerke, det nye biblioteket har vore veldig mykje besøkt, og petanquebanen og utesjakken har skapt aktivitet og liv i området. Neste vår vert området endå finare. Då kjem det ny plen rundt den store blå stolen og revolverkanona.**

Plenen er nyplanert og er nyleg sådd. Det er Tor Ove Haugland i Haugland Maskin som har stått for arbeidet, og det er verkeleg eit presisjonsarbeid han har gjort når han har planert og jamna ut området. Med skuffa på gravemaskinen har han fått det så jamnt og flatt som eit stovegolv.

I og med at det er haustsådd vil det verta grønt og fint tidlegare til våren. Dette vil skapa ei flott ramme rundt det som er plassert der siste året, og vil m.a. gjera at førsteintrykket som båtgjester får, vert endå betre.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.